

Fritt Ords Honnør til Odd Isungset

(Tale av styremedlem Sigrun Slapgard)

«Han kan gjere livet surt for folk. Men han gjer det ikkje for å vere jævlig.» Det er avisa Hallingdølen som skriv om bygdesonen Odd Isungset.

Kvifor velje journalistikken om du helst vil dilte etter andre?

Kvifor velje journalistikken om du liker deg best i flokk?

Kvifor la andre bestemme kva som er viktig for *ditt* arbeid?

Eg vil gjette på at Odd Isungset av og til har stilt seg sjølv liknande retoriske spørsmål – at du av og til har måtta grave djupt for å finne den ekstra energien som trengs for å gå din eigen veg, for ikkje å sleppe tak i den viktige saka som andre definerer bort.

Det er for den undersøkende journalistikken om Nygaard-saka, vår eiga Rushdie-sak, du i dag får Fritt Ords Honnør. Det er for ein undersøkende journalistikk som både har vore standhaftig og sjølvstendig; du har nekta å gje slepp, nekta å gi opp, og du har utfordra dei som har ønskt å legge lokk på saka, maktpersonar både i Norge og i Iran. Ja, du har til tider også utfordra hovudpersonen William Nygaard sjølv.

Når det nå nyleg blei tatt ut sikting mot fleire personar knytta til attentatet i 1993, to dagar før saka ville ha blitt lagt bort etter 25 år, er det takk vere opplysingar lagt fram i TV2-filmen frå 2008, «Blodsporene fra Dagaliveien». Dette framheva av Kripos sjølv, utan å gjere for stort nummer av si eiga passivitet – må vi kanskje føye til.

Det er verdt å merke seg at det i siktinga heiter at drapsforsøket også er eit angrep på samfunnet vårt, det var eit angrep på ytringsfridomen. Det har tatt lang tid for både politi og andre deler av styresmaktene å erkjenne nettopp dette, at attentatet var eit angrep på oss alle, på fundamentet vårt. Og det er nettopp her du, Odd Isungset, har spela ei avgjerande rolle med din unike innsats.

Det var altså i 1989 at Aschehoug forlag med William Nygaard som aktiv pådrivar gav ut Sataniske vers av Salman Rushdie. Alt før utgivinga hadde ayatollah Khomeini, øvste leiar

for det iranske presteskapet, kome med sin fatwa, ein dødsdom, mot dei som var med på å gi ut boka. Vel vitande om risikoen var William Nygaard overtydd om to ting: Den litterære kvaliteten og at boka var viktig å gi ut. Under strenge sikringstiltak og ein del hemmeleghald blei boka gitt ut – det kom til store demonstrasjonar i Oslo, to bokhandlar i Oslo og Bærum blei tent på. I 1991 blei den japanske omsetjaren av Sataniske vers drepen, og den italienske omsetjaren overlevde eit knivangrep.

Trass alt dette fann Oslo-politiet at ideen om å knytte angrepet på William Nygaard til Rusdie-saka var «medieskapt». Dette gir stadig vekk ein del å tenke på.

«Medieskapt» var det i alle fall ikkje, det Odd Isungset etter kvart skulle finne ut: at bevismateriale og dokument på mystisk vis har forsvunne undervegs i etterforskninga, i tillegg til store feil og manglar. «Medieskapt» var det heller ikkje, det Odd Isungset fekk høre av generaldirektøren i det iranske utanriksdepartementet i 1997 – han kunne fortelje at dødsdommen ikkje var retta mot det norske folket, men mot eit fåtal, omsetjarar og forleggjarar.

Det ville løyse mye, sa den iranske talsmannen til slutt, om hovudmålet, Salman Rushdie, blei tatt av dage.

For Odd Isungset var dette eit klargjerande vendepunkt, det viser også kor viktig det er at journalistar gjer det dei skal gjere – gå til kjeldene, undersøke.

Truleg gav det også næring til alt det arbeidet du seinare skulle gjere som journalist og som dokumentarsjef i både TV2 og NRK, og det faktum at du er ein av vårt lands mest viktige og dyktige undersøkjande journalistar. «Da politiet la bort spaden, grov Odd Isungset vidare,» skreiv Klassekampen i helga.

Nå liker du sannsynlegvis ikkje skryt – kjenner eg deg rett, er det motstand som har gjort deg til den standhaftige gravaren du er, men i dag må du likevel tåle å få honnør. Det er ingen tvil om at ditt arbeid har vore heilt avgjerande for at det nå endeleg kjem ei stadfesting frå påtalemakta om at skota i Dagalaiveien er Norges Rushdie-sak, eit åtak på ytringsfridomen. Kan hende er det også eit håp om å finne fram til gjerningsmenn – kven veit.

Ditt arbeid har blant anna gitt oss bøkene *Attentatet* og *Hvem skjøt William Nygaard*, og TV2-dokumentaren «Blodsporene fra Dagaliveien», som før nemnt, og saman med Cecilie Ellingsen NRK-dokumentaren «Dødsdømt» frå 2012. Du har fått både SKUP-diplom og Den store Journalistprisen – og i dag får du altså Fritt Ords Honnør for verdifullt virke i det frie ords teneste i ei høgaktuell sak.

Tilbake til startpunktet for denne tala, den treffande overskrifta i Hallingdølen – «Han kan gjere livet surt for folk. Men han gjer det ikkje for å vere jævlig.»

Kvifor er det nå Odd driv på slik som han gjer? Han gir svaret i kortform i same artikkel: Det handlar om å løyse ei sak som er viktig.

Og eg kan føye til, på vegne av Fritt Ord, ei sak som er viktig for oss alle.

Takk og gratulerer, stå på vidare!